



## MØTEINNKALLING

---

**Utval: Valstyret**  
**Møtedato: 09.06.2016**  
**Møtetid: 18:00 -**  
**Møtestad: Kommunehuset**

---

*Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling*

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post [postmottak@samnanger.kommune.no](mailto:postmottak@samnanger.kommune.no) ), som vil kalla inn varamedlem.

***NB! Starttidspunktet for møtet vil vera avhengig av kva tid formannskapsmøtet 09.06.2016 er ferdig.***

ordfører

**SAKLISTE**

<b>Saker til handsaming på møtet</b>			
<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Merknad</b>
003/16	16/565	Faste saker	
004/16	13/783	Val av medlemmer til røystestyra ved rådgjevande folkerøysting 16.06.2016	
005/16	13/783	Godtgjersle til medlemmer i røystestyra ved rådgjevande folkerøysting 16.06.2016	

<b>Oversikt faste saker</b>
<ul style="list-style-type: none"><li>• Godkjenning av innkalling og sakliste</li><li>• Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte</li><li>• Delegerte vedtak/referatsaker</li><li>• Utvalet sitt kvarter</li></ul>



## SAKSFRAMLEGG

<b>Arkivsaksnr:</b> 16/565	<b>Løpenr:</b> 16/4765
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Valstyret	09.06.2016	003/16	JEB

### FASTE SAKER

Oversikt faste saker:
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Godkjenning av innkalling og sakliste</li> <li>• Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte</li> <li>• Delegerte vedtak/referatsaker</li> <li>• Utvalet sitt kvarter</li> </ul>

**Oversikt delegerte vedtak/referatsaker som er meldt opp til møtet:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Jan Erik Boge	<b>Arkivkode:</b> FE-002
<b>Arkivsaksnr:</b> 13/783	<b>Løpenr:</b> 16/4745
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Valstyret	09.06.2016	004/16	JEB

### VAL AV MEDLEMMER TIL RØYSTESTYRA VED RÅDGJEVANDE FOLKERØYSTING 16.06.2016

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Valstyret vel medlemmer og varamedlemmer til røystestyra ved rådgjevande folkeavrøysting i Samnanger 16.06.2016, slik det framlagde forslaget i saka viser.

Varamedlemmene er sette opp i prioritert rekkefølge.

Leiaren i valstyret får fullmakt til å supplera med nye medlemmer og varamedlemmer i røystestyra dersom det oppstår behov for dette.

#### Dokument som er vedlagt:

Kopi av liste over medlemmer i røystestyra ved valet i 2015

#### Dokument som ikkje er vedlagt:

Vallova

Reglement for rådgjevande folkerøysting i Samnanger 16.06.2016

---

#### Kva saka gjeld:

Det går fram av reglementet for gjennomføring av folkerøysting i Samnanger 16.06.2016 at det skal vera eit røystestyre i kvar røystekrins. Det er tre røystekrinsar (Nordbygda, Gjerde og Tysse). Kvart valstyre skal ha minst 4 medlemmer. Av desse skal det utpeikast ein leiar og ein nestleiar. Det er valstyret som skal oppnemna medlemmer, leiar og nestleiar i røystestyra.

Det er røystestyra som skal bemanna røystelokala torsdag 16.06.2016 og ta imot røyster.

## Side 5 av 9

Administrasjonen foreslår at det vert teke utgangspunkt i lista over medlemmer i røystestyra ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2015, og at personar frå denne lista vert valde til å sitja i røystestyra også ved folkeavrøystinga 16.06.2016.

Ved kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2015 var det 6 medlemmer i kvart røystestyre. I tillegg var det 5-6 varamedlemmer i kvart røystestyre. Administrasjonen foreslår at det til folkeavrøystinga 16.06.2016 vert vald 4 medlemmer og 2 varamedlemmer til kvart røystestyre.

Administrasjonen har i veke 23/2016 ringt til personar som var med i røystestyra i 2015, for å avklara om dei vil ha høve til å sitja i røystestyret dersom dei vert valde. På bakgrunn av tilbakemeldingane frå dei personane som me har fått tak i på telefon, har administrasjonen sett opp ei liste med forslag til medlemmer i varamedlemmer til røystestyra. Me har også sett opp forslag til kven som skal vera leiar og nestleiar i røystestyra. Forslaget følgjer nedanfor.

<b>Krins 01 - Nordbygda - (Nordbygda grendahus)</b>		
<b>Namn</b>	<b>Rolle</b>	<b>Adresse</b>
Anne Gro Aadland	Leiar	Stølane 16, 5652 Årland
John Olav Hisdal	Nestleiar	Samnangervegen 310, 5652 Årland
Gunn J. Røen	Medlem	Nymarksvegen 4, 5652 Årland
Astrid Håhjem	Medlem	Raunekleivvegen 43, 5652 Årland
Helge Reistad	Vara	Solbjørgvegen 652, 5652 Årland
Lisbeth Aadland	Vara	Lindane 49, 5652 Årland

<b>Krins 02 - Tysse - (Samnanger ungdomsskule)</b>		
<b>Namn</b>	<b>Rolle</b>	<b>Adresse</b>
Arvid Tysse	Leiar	Tyssevegen 232, 5650 Tysse
Ona Marie Waage	Nestleiar	Fjellheimsvegen 21, 5650 Tysse
Ove Grønlien	Medlem	Ytre-Tysse 68, 5650 Tysse
Karin Tveit	Medlem	Tyssevegen 201, 5650 Tysse
Bjørn Bertelsen	Vara	Utskotevegen 21, 5650 Tysse
Tone Kari Kristiansen	Vara	Ytre-Tysse 76, 5650 Tysse

<b>Krins 03 - Gjerde - (Nesodden bedehus)</b>		
<b>Namn</b>	<b>Rolle</b>	<b>Adresse</b>
Åse Waage Tveit	Leiar	Bjørkhaugen 5, 5650 Tysse
Brynjulv Hernes	Nestleiar	Bjørkhaugen 18, 5650 Tysse
Asbjørn Moss	Medlem	Tyssevegen 109, 5650 Tysse
Hjørdis K. Thieme	Medlem	Bjørkhaugen 36, 5650 Tysse
Solveig Reistad	Vara	Helgaton 28
Svanlaug Tveit	Vara	Steinslandsvegen 33, 5650 Tysse

### **Vurderingar og konsekvensar:**

Ved å velja personar som har vore med i røystestyre tidlegare, vil behovet for opplæring av verta redusert, som følgje av at personane som vert valde har erfaring frå arbeid i røystestyre.

## Røystestyra ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015

### SAMNANGER KOMMUNE

#### Krins 01 - Nordbygda - Nordbygda grendahus

Rolle:	Namn:	Adresse:
Leiar	Anne Gro Aadland	Stølane 16, 5652 Årland
Nestleiar	Svein Reistad	Bygdavegen 49, 5652 Årland
Medlem	Bjørn Tømmerbakk	Prestavegen 35, 5652 Årland
Medlem	Gunn J. Røen	Nymarksvegen 4, 5652 Årland
Medlem	John Olav Hisdal	Samnangervegen 310, 5652 Årland
Medlem	Astrid Håhjem	Raunekleivvegen 43, 5652 Årland
Varamedlem	Helge Reistad	Solbjørgvegen 652, 5652 Årland
Varamedlem	Gro Brekkhus	Raunekleivvegen 26, 5652 Årland
Varamedlem	Kjell Reistad	Rødsvegen 21, 5652 Årland
Varamedlem	Lisbeth Aadland	Lindane 49, 5652 Årland
Varamedlem	Svein Erik Reistad	Lindane 39, 5652 Årland
Varamedlem	Britt Torunn Aadland	Ådland 15, 5652 Årland

#### Krins 03 - Gjerde - Nesodden bedehus

Rolle:	Namn:	Adresse:
Leiar	Åse Waage Tveit	Bjørkhaugen 5, 5650 Tysse
Nestleiar	Brynjolv Hernes	Bjørkhaugen 18, 5650 Tysse
Medlem	Audun Samnøy	Tyssevegen 149, 5650 Tysse
Medlem	Asbjørn Moss	Tyssevegen 109, 5650 Tysse
Medlem	Hjørdis K. Thieme	Bjørkhaugen 36, 5650 Tysse
Medlem	Solveig Reistad	Helgatona 28, 5650 Tysse
Varamedlem	Arild Gjerde	Gjerdsvegen 46, 5650 Tysse
Varamedlem	Dan Ketil Aldal	Haukanesvegen 219, 5650 Tysse
Varamedlem	Elin Liøen	Lønnebakken 2, 5650 Tysse
Varamedlem	Svanlaug Tveit	Steinslandsvegen 33, 5650 Tysse
Varamedlem	Karin H. Steinsland	Tyssevegen 85, 5650 Tysse

**Krins 02 - Tysse - Samnanger ungdomsskule**

<b>Rolle:</b>	<b>Namn:</b>	<b>Adresse:</b>
Leiar	Arvid Tysse	Tyssevegen 232, 5650 Tysse
Nestleiar	Ona Marie Waage	Fjellheimsvegen 21, 5650 Tysse
Medlem	Solveig Langeland	Tveit 10, 5650 Tysse
Medlem	Rune Teige	Utskotevegen 231, 5650 Tysse
Medlem	Karin Tveit	Tyssevegen 201, 5650 Tysse
Medlem	Ove Grønlien	Ytre Tysse 68, 5650 Tysse
Varamedlem	Tone Kari Kristiansen	Ytre Tysse 76, 5650 Tysse
Varamedlem	Bjørn Bertelsen	Sævellvegen 579, 5650 Tysse
Varamedlem	Erik Befring	Samnangervegen 796, 5650 Tysse
Varamedlem	Stig Norheim	Tveit 51, 5650 Tysse
Varamedlem	Jorunn Jørgensen	Utskotevegen 429, 5650 Tysse



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Jan Erik Boge	<b>Arkivkode:</b> FE-002
<b>Arkivsaksnr:</b> 13/783	<b>Løpenr:</b> 16/4747
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Valstyret	09.06.2016	005/16	JEB

**GODTGJERSLE TIL MEDLEMMER I RØYSTESTYRA VED RÅDGJEVANDE FOLKERØYSTING 16.06.2016**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Medlemmer i røystestyra ved den rådgjevande folkerøystinga 16.06.2016, får utbetalt godtgjersle etter same sats som møtegodtgjersle for folkevalde i Samnanger, 680 kroner.

Varamedlemmer får berre utbetalt godtgjersle dersom dei må møte i røystestyret.

**Kva saka gjeld:**

Det skal haldast rådgjevande folkerøysting i Samnanger 16.06.2016. Det vert i samband med dette vald eit røystestyre i kvar av dei tre røystekrinsane i kommunen (Nordbygda, Gjerde og Tysse). Medlemmene i røystestyra skal bemanna røystelokala under folkerøystinga (kl. 13:00 – 20:00), samt ha litt tid til førebuing etterarbeid.

Mange kommunar betalar ut godtgjersle til medlemmer i røystestyre/valfunksjonærar, og har fastsett satsar for slik godtgjersle. Samnanger kommune har ikkje fastsett slike satsar. Ved ordinære val i Samnanger (stortings-/fylkestings-/kommunestyreval) har det ikkje vorte utbetalt godtgjersle til medlemmer i røystestyra (med unntak av tapt arbeidsforteneste dersom nokon har kravd dette).

Administrasjonen meiner det bør vurderast om det skal betalast ut godtgjersle til medlemmer av røystestyra ved folkerøystinga 16.06.2016.

Før stortingsvalet i 2017 bør det også vurderast om det skal betalast ut godtgjersle til røystestyra ved ordinære val i Samnanger. I så fall vil det vera naturleg å få inn reglar om dette i kommune sitt reglement for godtgjersle til folkevalde. Dette er ei sak me må koma tilbake til seinare.



## Side 9 av 9

Dersom det skal betalast ut godtgjersle til røystestyra ved den rådgjevande folkerøystinga 16.06.2016, ser administrasjonen for seg følgjande hovudalternativ:

- **Alternativ 1:** Ein fast sats for godtgjersle, tilsvarende sats som møtegodtgjersle for folkevalde i Samnanger (pr. i dag 680 kroner).
- **Alternativ 2:** Utbetaling etter timesats. Me kan er for eksempel bruka hovudtariffavtalen sin timesats for avlønning av alderspensjonistar. Denne timesatsen er pr. i dag på 191 kroner.

Det vil vera relativt stor skilnad i kostnaden for dei to alternativa. Alternativ 2 vil kosta om lag dobbelt så mykje som alternativ 1. Dersom det er 4 medlemmer i kvart røystestyre, vil kostnaden verta om lag som følgjer:

	Sats godtgjersle	Tal personar pr røystestyre	Tal røystestyre	Sum godtgjersle	Arb.gj. avgift	Samla kostnad
<b>Alternativ 1</b>	680	4	3	8 160	1 151	<b>9 311</b>

	Timesats	Tal timar pr. person (kl. 13.00 - 20:00)	Tal personar pr røystestyre	Tal røystestyre	Sum godtgjersle	Ferie-pengar	Arb.gj. avgift	Samla kostnad
<b>Alternativ 2</b>	191	7	4	3	16 044	1 925	2 534	<b>20 503</b>

### Satsar i andre kommunar

Andre kommunar sine satsar for godtgjersle til valfunksjonærar/medlemmer i røystestyre ved ordinære val varierer mykje. Nokre eksempel frå eit enkelt Google-søk:

- Trondheim kommune (sats i 2015)
  - Valmedarbeidar kl. 14:00 – 22.00, kr. 2.000
- Bergen kommune (sats i 2015)
  - Medlemmer i røystestyre (unnateke leiar og nestleiar) og valmedarbeidarar, kr. 4.000
- Frogn kommune (satsar i 2012)
  - Røystestyre og valmedarbeidarar på valdagen, kr. 1.200 for heil dag, kr. 600 for halv dag.
- Ringerike kommune (sats i 2015)
  - Røystestyremedlemmer og valmedarbeidarar, kr. 200 pr. time.

### **Vurderingar og konsekvensar:**

I samband med gjennomføringa av folkerøystinga 16.06.2016 vil Samnanger kommune få tilført 100.000 kroner frå fylkesmannen. Finansieringa av utgifter til eventuell godtgjersle til medlemmer i røystestyra, vil derfor i utgangspunktet vera uproblematisk. Dette bør likevel ikkje nødvendigvis vera avgjerande for om det skal utbetalast godtgjersle, og kor høg godtgjersla i så fall skal vera. Med tanke på eventuell godtgjersle til røystestyra ved framtidige ordinære val i Samnanger, er det viktig at me ikkje ved folkerøystinga i 2016 har ei ordning med langt høgare godtgjersle enn det som vil vera realistisk å få til ved framtidige ordinære val.

Rådmanen tilrår at medlemmene i røystestyra ved den rådgjevande folkerøystinga 16.06.2016 får utbetalt godtgjersle etter alternativ 1 ovanfor. Rådmannen tilrår vidare at varamedlemmer berre får utbetalt godtgjersle dersom dei må møta i røystestyret.